

Endring av minnelundar

Minnelundar skal ha høg kvalitet i utforming og materialbruk. Dei må ha ein karakter og eit visuelt uttrykk som legg til rette for god funksjonalitet, orden og verdigheit i eit langt tidsperspektiv. Dei skal stå i lang tid og er viktige stader for dei som vitjar dei.

Nokre namna minnelundar byrjar no å bli fulle. Mange søker derfor om å auka kapasiteten i minnelunden. Andre grunnar til å ville gjera endring er at det er element ved minnelunden som ikkje vart slik ein hadde tenkt eller ikkje fungerer bra nok. Eller at ein ønskjer å gjera tilbodet meir attraktivt ved å heva kvaliteten.

Det krev stor grad av kunnskap, innsikt, forståing og kreativitet både å prosjektera og byggja ein vellykka namna minnelund. Å plassera inn nye element i ein eksisterande minnelund vil vera like, eller meir, krevjande som å etablere ein ny. Minnelundar kan ha ei heilskapleg utforming som gjer gjennomføring av endringar utfordrande utan å bryta med den opphavlege grunnideen. Ver merksam på at privatpersonar som er ansvarleg for eller festar graver, har rettar og plikt i tilknytning til gravene «sine».



Gjerpen kirkegård, Skien kommune. Foto: Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Råd og rettleiing ved endring av minnelund

- Utsjånaden til minnelunden bør føre vidare uttrykket frå godkjenninga. Nytt utstyr bør ha den same visuelle karakteren som minnelunden elles. Ved større endringar bør ein nytta fagkompetanse, som t.d. ein landskapsarkitekt.
- Ved endringar i minnelundar skal tilbodet til dei som vitjar minnelunden vert like godt eller betre, både visuelt og funksjonelt, til dømes med tenlege benkar og ordningar for plassering av blomster og lys. Tilhøva for universell utforming skal vere like gode eller betre, til dømes ved endring av dekke og kantar. Ver merksam på buffersoner (avstand til graver m.m). Ved endringar av vegetasjonen i minnelunden bør intensjonane i den opphavelege planen halde fram.
- Å utvide gravfelt eller supplere med eit nytt felt kan ein gjere når det er tilstrekkeleg plass i nærleiken, Men det må sjåast i samanheng med kapasiteten til det eksisterande minnesmerket.
- Å lage plass til fleire namneplater vil vanlegvis krevja at det blir etablert eit nytt minnesmerke. Ver varsam med å utvida eksisterande minnelundar med nye minnesmerke dersom han ikkje er tilrettelagt for dette frå byrjinga av. Dersom det skal etablerast nye minnesmerke, må dei nye gå godt saman med dei eksisterande og inngå i ein heilskap. Unngå «ad-hoc» løysningar og hugs tråkkområde. Ofte kan det vere ein betre løysning vere å lage ein ny minnelund.
- Ein bør ikkje sette fleire namneplater på minnesmerket enn det talet minnesmerket er godkjende for. Ein kan oppleva at minnesmerket mister dei visuelle kvalitetane sine eller at dei siste namneplatene får ein dårlegare plassering enn dei som først vart sett opp. Minnesmerka kan ofte ha ein ei naturleg for- og bakside, og då kan ikkje andre sider enn framsida nyttast til namneplater. Vidare er det viktig at namneplatene skal ha har minst 30 cm avstand til bakken, eller ned til innretning for blomstrar og lys.
- Dei som har ansvar for eller festar ei grav i namna minnelund, bør få informasjon og høve til å uttale seg før ein gjer større endringar i minnelunden. Dette er særleg viktig om endringane er i samband med minnesmerket. Ver merksam på at endringar av namneplater i dei fleste høve krev samtykke frå dei ansvarlege eller festarane.

Når må ein søke Statsforvaltaren?

Om tiltaket er av ein slik karakter eller storleik at det vil endre minnelunden sin eigenart, eller tilhøva for dei som vitjar han, vil det vere ein vesentleg endring som ein må søke statsforvaltaren om, sjå gravplassloven § 4.

Å etablere nye minnelundar på ein eksisterande gravplass vil alltid vere ei vesentleg endring etter gravplasslova som skal godkjennast av statsforvaltaren. Minnesmerke kan berre plasserast på gravplass når statsforvaltaren gir løyve til det, sjå gravplassforskrifta § 20. Det gjeld òg nye minnesmerke i eksisterande minnelundar.

Er tiltaket søknadspliktig etter andre lovar eller føresegner?

Ver merksam på at nokre tiltak kan vere søknadspliktige etter andre lovar eller føresegner, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova eller kyrkjeordninga for Den norske kyrkja. Ta kontakt med den aktuelle instansen for å avklare dette.

Referansedokument

- Gravplasslova
- Gravplassforskrifta
- Rundskriv Q-06/2020 *Forvaltning av kyrkje, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø* (Utgitt av Barne- og familiedepartementet og Klima- og miljødepartementet).
- Norsk Standard NS 11005:2011 - Universell utforming av opparbeidete uteområder
- Statsforvaltaren sine temanotat «Råd og rettleiing».
- Statsforvaltaren sin [veiledning-navnede-minnelunder-januar-2026.pdf](#)



Statsforvalteren i Vestfold og Telemark

Mai 2026